

## Årsmøtereferrat 2020

Tid: Tysdag 11. februar. Møtet vart flytta frå kl. 16:00 til kl. 17:00.

Årsmøtet var lagt til barne- og ungdomskonferansen Se og Les i Bergen.

Stad: Amalies hage, Bergen Off. Bibliotek

Til stades: Silje Namtvedt, Anne Gerd Lehn, Tove Nilssen, Olga Skrinde, Anne Grethe Lauritzen

Sakspapira har vore publisert på nettstaden vår: <https://mobilis.norskbibliotekforening.no/> og på Facebook-sida vår, og på biblioteknorge.no.

### Sakliste:

#### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Saklista var publisert på nettstaden vår hos Norsk bibliotekforening, på Facebook og på Biblioteknorge.no

Årsmøtelyden godkjenner innkallinga og saklista

#### 2. Val av møteleiar og referent

Møteleiar: Anne Gerd Lehn

Referent: Sigrid Furnes

#### 3. Rapport om verksemda 2018-2019

Vedtak: årsmøtelyden godkjenner veksemdrapporten med endringar.

Styret har vore samansett av Sigrid Furnes, (vald til leiar av årsmøtet), Kristian Nilsen, (vald til nestleiar av årsmøtet), Tove Nilssen (konstituert på første styremøte til kasserar med Kristian Nilsen som medhjelpar), Anne Gerd Lehn, Jørgen Betten og Olga Skrinde.

For hausten 2019 har Kristian Nilsen hatt permisjon frå vervet som styremedlem og nestleiar.

I perioden 25. januar 2018 til d.d. har vi halde 4 styremøter, der til saman 30 saker har vore handsama. 3 av styremøta har vore via Skype, det fjerde i Bergen. Vi har ikkje vore fulltalige ved nokre av møta.

Vi tok del i organisasjonsmøte i 2018 – Tove Nilsen og Jørgen Betten, og ved organisasjonsmøte i 2019 – Tove Nilsen. Sigrid Furnes meldte forfall. Vi tok del i Det 76. norske bibliotekmøte i Sandefjord, der vi også hadde innlegg.

Vi har ei aktiv Facebook-side med 383 følgjarar.

Vårt hovudfokus er å jobbe for å styrke og vere ein talsperson for den mobile bibliotekverksemda i Noreg. Miljøet er lite, og ordningar med mobil bibliotekverksemd er ikkje så utbreidd som i Norden. Kontakt med søsterorganisasjonar og bokbusmiljøa i våre naboland er derfor viktig for oss.

I inneverande periode har vi særleg hatt fokus på og jobba med situasjonen kring dei samiske bokbussane, og nedlegginga av bokbåten Epos i Møre og Romsdal.

I inneverande periode har denne aktiviteten funne stad:

- Vi har lyst ut to stipend:  
Bokbusstreff i Hannover. Dei to som fekk stipend, valde og fekk godkjent å reise til Stockholm og bokbusstreff der, kom i staden for Hannover. Det vart skrivne rapport frå turen, denne er publisert i ulike fora, t.d. på bloggen til Mobilis og i Bok og Bibliotek.  
Se og les, februar 2020 i Bergen
- Vi har skrivne i avisa Sagat om økonomiske kutt i stønad til dei samiske bokbussane frå Sametinget, og eller uttalt oss til media når vi er spurde.
- Vi har levert høyringsuttale til utgreiing frå Sametinget om samisk litteratur og framtida for dei samiske bokbussane.
- Vi har skrivne høyringsuttale til den nye kulturmeldinga « Kulturpolitikk for ei ny tid».
- Om kring stoda om bokbåten i Møre og Romsdal, har vi skrivne avisinnlegg til dei tre regionalavisene i fylket, i tillegg til å uttale oss til media når vi er spurde.
- Vi har skrivne ope brev til fylkespolitikarane i Møre og Romsdal om sakshandsaminga og situasjonen kring nedlegging av bokbåtdrifta i fylket.
- Vi hadde innlegg under det 76. norske bibliotekmøte i Sandefjord «Det er fra sine egne skal ha det!».
- Vi heldt innlegg under innspelskonferansen til ny kulturmelding.
- Vi har publisert motsvar til Svein Arne Tinnesand, publisert i Bibliotekaren 1/2019 : «Bibliotek berre i byar og tettbygde strøk?».
- Vi har kartlagt den mobile bibliotekverksemda i Norge, og delvis i Norden.

#### 4. Godkjenning av rekneskap 2018-2019

Rekneskapa for 2018 og 2019 er reviderte og godkjende av Agust Magnusson

#### Reknskap for Mobilis 2018

##### Inntekter

Grunntilskudd NBF	kr 7 140,00
Medlemskontingent	kr 5 600,00
Deltakaravgift Seminar 2018	kr 7 600,00
Renter	<u>kr 43,00</u>
Sum inntekter	<u>kr 20 383,85</u>

##### Utgifter

Utgifter organisasjonsmøte	kr 5 563,00
Reise/opphold/honorar Seminar	kr 16 134,00
Gebyr bank	<u>kr 531,00</u>
Sum utgifter	<u>kr 22 228,00</u>

Resultat kr -1 844,15

Beholdning bank 01.01.2018 87 789,92  
Beholdning bank 31.12.2018 85 945,47

Resultat kr -1 844,15

85 945,47 85 947,47

Tromsø 01.02.2019 Tove Nilssen

## Regnskap for Mobilis 2019

### INNTEKTER

Tilskudd fra NBF	kr 25 640,00
Medlemskontingent	kr 7 400,00
Refundert flybillett	kr 3 237,00
Renter	<u>kr 42,97</u>

Sum inntekter kr 36 319,97

### UTGIFTER

Utgifter styremøte	kr 10 240,96
Reiser og gave	kr 12 186,62
Stipender	kr 10 000,00
Gebyr bank	<u>kr 529,00</u>

Sum utgifter kr 32 956,58

Resultat kr 3 363,39

### BALANSE

Beholdning bank 01.01.2019	85 945,47	
Beholdning bank 31.12.2019		89 308,56
Resultat	<u>3 363,39</u>	
	<u>89308,56</u>	<u>89308,56</u>

Tromsø 24.0.2020

Tove Nilssen

Kasserer

## 5. Verkeplan 2020-2021

Verkeplan 2020-2021 vart godkjend med endringar av årsmøtelyden.

1. Vi vil vise at mobile bibliotek er eit uttrykk for moderne bibliotek der folk er.
2. Aktivt medverke til at nasjonale forvaltningsorgan inkluderer og løftar fram mobile bibliotek i nasjonale bibliotekstrategiar og andre plandokument.
3. Jobbe aktivt for at desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg på nytt skal inkludere mobile bibliotek.
4. Føre oversikt over kor vi finn dei nyast utarbeidde kravspesifikasjonar til bruk ved planlegging av innkjøp av mobile einingar.
5. Ta del i aktuelle konferansar, og å oppretthalde eit godt kontaktnett med mobile bibliotek både nasjonalt og internasjonalt.

## 6. Budsjett 2020

Budsjettet vart godkjent med endringar av årsmøtelyden.

Budsjett 2020

### Inntekter

Deltakaravgift	10.000
NBF grunntilskudd	7.140
Medlemskontingent	7.400
NBF aktivitestøtte	30.000
<u>Oppsparte midler</u>	<u>40.460</u>
Totale inntekter	<u>95.000</u>

### Utgifter

Seminar	20.000
Styremøter	20.000
Studietur til Luleå/Flensburg	30.000
Stipend til medlemmer	20.000
<u>Støtte til internasjonalt arbeid</u>	<u>5.000</u>
Totale utgifter	<u>95.000</u>

## 7. Innkomne framlegg (frist 31. januar)

Det er ingen innkomne saker

## 8. Val

### Forslag til styre:

Sigrd Furnes, Vestland fylkeskommune  
Anne Gerd Lehn, Troms og Finnmark fylke  
Tove Nilssen, Tromsø bibliotek og byarkiv  
Olga Skrinde, Viken fylke  
Silje Namtvedt, Alver kommune

Varamedlemmer: Kristian Nilsen, Trøndelag fylkeskommune

Revisor: Ágúst Magnússon

Styret skal ha 5 medlemmar. Styret konstituerer seg sjølv på første styremøte. Alle kandidatar er spurde om dei vil sitje i styret

---

### Val

Det vert bestemt at styret konstituerer seg på årsmøtet:

Årsmøte vel Silje for 2 år (nestleiar)

Attvalt: Tove (leiar), Olga (kasserar) og Sigrd (sekretær).

Anne Gerd ynskjer å gå ut av styret.

Årsmøtet bestemmer at det skal vere 5 medlemmer i styret. Dersom vi ikkje får nok medlemmer går vi vidare med 4 styremedlemmer, og det blir resultatet etter at Karen Birgitte Borud, Værdal bibliotek er spurd og takkar nei.

Nye varamedlemmer vert

1. Kristian Nilsen
2. Anne Grethe Lauritzen

Revisor: John Magne Halhjem

Ny valkomite: Anne Gerd Lehn og Anne Grethe Lauritzen

## 9. Eventuelt

### Stipend utlyst til Se og Les i Bergen, 11.-12. mars i Bergen

Tove Nilsen tildeles kr. 8000,- i reisestipend for deltakelse på årsmøtet til NBF Mobilis

Som avholdes i sammenheng med Se & Les i Bergen 11.-12. februar 2020.

### Medlemsliste Mobilis

Lista ligg vedlagt per 1. januar 2020

